

Supplybåtsuksessen held fram

3. desember 2010 blei supplybåten Havila Crusader levert frå Hellesøy Verft AS. Dette var den fjerde og siste båten omfatta av kontrakten frå årsskiftet 2006/ 2007. No er kontrakten utvida til å omfatte ytterlegare to-tre supplybåtar!

Tett samarbeid med reiarar

- Vi er svært takksame for at Solvik Offshore i 2006/ 2007 viste eit så pass lite skipsverft som oss den tillit som låg i å tildele oss kontraktane på ein slik kvalitetsbåtserie. No ligg den fjerde supplybåten i serien - Havila Crusader - ved kai, med mannskap og maskineri i gang, og med duft av egg & bacon og kaffi i messa. Og klar er dei til å kaste loss når det skulle vere, for flaggskiftet har funne stad, seier dagleg leiar Øystein Hellesøy.

Saman med reiarlaget Solvik Offshore kom Hellesøy Verft AS fram til konseptet med bygging av skrog i lågkostland og innreining og utrustning på Løfallstrand. Finansieringa er det reiarlaget som har sytt for.

- At reiarlaget har stått for finansieringa har vore ein medverkande årsak til at vi ha kome oss greitt gjennom finanskrisa. I 2010 har vi levert to båtar, så her har det vore stor aktivitet med 180-190 mann i sving til ei kvar tid. 30 av desse var våre egne tilsette.

2 + 1 supplybåtar for levering i 2011 og 2012


Hellesøy Verft AS har samarbeid med dei same folka heile tida, men det har skjedd store endringar undervegs på reiarlagssida.



Troms Artemis (no Havila Commander)



Troms Pollux



Solhaug AS/ Vestland Offshore har inngått kontrakt om ytterlegare to supplybåtar for levering i september 2011 og april 2012. Og med opsjon for leveranse av ein båt til i løpet av 2012.

- Solvik Offshore vidareselde båt nummer tre og fire. Begge til Havila Shipping ASA. Tor Østervold i Austevoll var den sentrale reieren i Solvik Offshore. No har han gjennom selskapet Solhaug AS / Vestland Offshore inngått kontrakt om å utvide

supplybåtserien med ytterlegare to båtar for levering i september 2011 og april 2012. Og med opsjon for leveranse av ein båt til i løpet av 2012. Så ordresituasjonen vår er god, seier Hellesøy.

Veritas Clean Design

Clean Design er den høgste klassen Det Norske Veritas opererer med. Supplybåtserien Hellesøy Verft AS no utvidar til, er seks-sju kvalitetsbåtar i denne klassen. Difor vert det stilt dei strengaste krav til materialval, drivstoff, utsepp og utstyr.

- Dei første fire supplybåtane vart bygd etter 2007-reglane. Dei to-tre nye skal byggjast etter 2011-standarden. Denne stiller enda større krav til miljø og rein drift. Norske reiarlag har verkeleg satsa på dette området. Så her er Noreg verdsleiande!

Skipsbyggingseventyret frå Løfallstrand

- Då far min, Thorvald Hellesøy, kom til Løfallstrand i 1945 var det 12 småbåtskipsverft her, og ein unik trebåtbyggjartradisjon og -kompetanse. I ettertid er det slått fast at denne staden på den tida hadde landets største konsentrasjon av slike skipsverft.

Hellesøy Verft AS i Løfallstrand, Kvinnherad, har frå leveransar av slike små trebåtar i 1945, utvikla seg til totalleverandør av moderne fiske-, seismikk- og no også supplybåtar, alle i stål. Verftet har kapasitet til å levere båtar opp til 115 meters lengd, men dei fleste ligg i storleiken 50-90 meter. Kaiplass er det til to slike fartøy, samstundes.

Framdriftsplanen for nybygga.

- Tidspunkt og pris er avgjerande for kvar vi tingar skipsskroga. Dei tre første skroga fekk vi frå Istanbul, Tyrkia. Det fjerde frå St. Petersburg, Russland. Dei to neste kvalitetsskroga vert produsert i Gdansk, Polen.

Hellesøy ventar det første skroget til



Troms Castor



Havila Crusader

kai i mars 2011. I tida fram til då, vil Hellesøy Verft AS drive med deleproduksjon og andre førebuingar. Det neste skroget er venta i august/september 2011. Levering skal finne stad i september 2011 og april 2012.

- Det at vi har fått levere ein slik serie av supplybåtar har gjort oss svært godt samkjørde. Våre egne 30 fast tilsette og underleverandørane veit alle kva dei skal gjere. Dei to største lokale underleverandørane er Kvinnherad Elektro AS, Rosendal og Bergen Group Skarveland, Husnes. Begge selskapa har om lag 50 mann kvar, gjennom heile byggeperioden.

Gazellebedrift nr. 2 i Hordaland 2009 og 2010

Hellesøy fortel også i løpet av intervjuet at Hellesøy Verft AS er blitt Gazellebedrift nr. 2 i Hordaland 2009 og 2010. Æra gjev han til heile arbeidstokken i Hellesøy Verft AS – eit fantastisk dyktig, samansveist og stå-på -villig kollegium.

Heile Hellesøy Verft AS gler seg også over at i kjølvatnet av Gazellesuksessen blei dagleg leiar Øystein Hellesøy, som ein av sju, nominert til Entreprenør Of The Year 2010 i Hordaland.